

Ordensreglement

Bremnes Ungdomsskule



28.09.2023

Kommunedirektøren

Revidert og godkjent i SU 28.09.2023

Endring knytt til presisering udir SU 07.03.2024

Ordensreglar

Møta førebudd og presis til timane.

Visa gode arbeidsvanar og god arbeidsinnsats.

Åtferdsreglar

Visa omsyn og respekt for andre på skulen og på skulevegen.

Visa respekt for undervisninga.

Visa vilje til å skapa trivsel og eit godt læringsmiljø.

Skulen skal vera rusfri.

Innholdsliste:

| | |
|--|-----------|
| Føringar for ordensreglementet ved Bremnes Ungdomsskule..... | 3 |
| <i>Del 1: Lovgrunnlag</i> | <i>3</i> |
| Opplæringslova | 3 |
| § 9 A-10. Ordensreglement | 3 |
| Forskrift til opplæringslova..... | 3 |
| § 3-4. Vurdering i orden og i åtferd | 3 |
| § 3-6. Karakterar i orden og i åtferd..... | 4 |
| § 3-7. Samtale om utvikling..... | 4 |
| § 3-8. Varsling | 4 |
| § 3-11. Undervegsvurdering i orden og i åtferd..... | 4 |
| § 3-13. Halvårsvurdering i orden og i åtferd..... | 5 |
| § 3-16. Standpunktkarakterar i orden og i åtferd..... | 5 |
| <i>Del 2: Ordensreglement ved Bremnes Ungdomsskule</i> | <i>5</i> |
| Sanksjonar/konsekvensar ved brot på skulen sine orden og åtferdsreglar | 5 |
| § 9 A-11. Bortvising | 5 |
| Andre sanksjonar..... | 5 |
| Reglar for bruk av pc ved BUS | 6 |
| Reglar for bruk av mobiltelefon ved BUS | 6 |
| Vurderingskriterium i orden og åtferd for Bremnes Ungdomsskule..... | 7 |
| <i>Vurderingskriterium i orden for Bremnes Ungdomsskule</i> | <i>7</i> |
| <i>Vurderingskriterium i åtferd for Bremnes Ungdomsskule</i> | <i>8</i> |
| Dokumentasjon på gjennomført undervegsvurdering i orden og åtferd | 10 |
| <i>Elevsamtale</i> | <i>10</i> |
| <i>Elev / foreldresamtale</i> | <i>10</i> |
| <i>Status og framovermelding.....</i> | <i>10</i> |
| Varsel om nedsett halvårs- eller standpunktkarakter | 11 |
| § 3-7.Varsling | 11 |
| Grunngjeving orden..... | 11 |
| Grunngjeving åtferd..... | 11 |

Føringar for ordensreglementet ved Bremnes Ungdomsskule

- Det er fastsett felles Ordensreglementet for grunnskulen i Bømlo.
- Bremnes Ungdomsskule sitt ordensreglement følgjer det felles ordensreglementet og har utarbeida eige ordensreglement etter lokale tilhøve.
- Orden og åtferdsreglane er utforma som mål med bakgrunn i Forskrift til Opplæringslova §3-4.
- Det er utarbeidd vurderingskriterium i forhold til måla og i forhold til karakterskalaen God, Nokså god og Lite god.
- Vurderingskriteria skal nyttast i samband med elevsamtalen og elev- foreldresamtalen haust og vår.
- Vurderingsskjema i orden og åtferd er dokumentasjon på undervegsvurdering.
- Det vert sendt ut varsel om fare for nedsett karakter i orden og åtferd

Del 1: Lovgrunnlag

Opplæringslova

§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskule, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra

Forskrift til opplæringslova

§ 3-4. Vurdering i orden og i åtferd

Formålet med vurdering i orden og i åtferd er å fremje sosial læring, bidra til eit trygt og godt skulemiljø og gi informasjon om orden og åtferd.

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er ordensreglementet til skolen, jf. opplæringslova § 9A-10. Elevane skal vere kjende med skolen sitt ordensreglement.

Orden heng saman med om eleven er punktleig, førebudd og følgjer opp arbeid.

Åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Kompetanse i fag skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i orden eller i åtferd. Det skal tas omsyn til føresetnadene til eleven i vurderinga.

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

§ 3-6. Karakterar i orden og i åtferd

Frå og med 8. årstrinn skal vurdering givast både med og utan karakter.

Desse karakterane skal brukast:

- a. God (G): vanleg god orden og vanleg god åtferd
- b. Nokså god (Ng): klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd
- c. Lite god (Lg): i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.

§ 3-7. Samtale om utvikling

Elevar, lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidat har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale om deira utvikling i faga. Den kan gjennomførast i samband med samtalen med foreldra etter Forskrift til Opplæringslova § 20-3 og § 20-4.

Elevar, lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidat har òg rett til jamleg dialog med kontaktlærer eller instruktør om sosial utvikling og anna utvikling. Samtalen skal sjåast i samband med opplæringslova § 1-1 og overordna del i læreplanverket.

§ 3-8. Varsling

Elevar og foreldre til elevar under 18 år skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å

- a. ikkje få karakter (IV) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag
- b. få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for nedsett karakter eller bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å få karakter i fag eller ikkje få nedsett karakter i orden eller åtferd.

§ 3-11. Undervegs vurdering i orden og i åtferd

Undervegs vurdering i orden og i åtferd skal givast jamleg og brukast til å fremje sosial læring ved at elevar

- a. reflekterer over eigen orden og eiga åtferd og korleis dei kan utvikle seg
- b. får vite korleis deira orden og åtferd er vurdert opp mot ordensreglementet
- c. får rettleiing om korleis dei eventuelt kan forbetre sin orden og si åtferd
- d. får rettleiing om korleis dei eventuelt kan forbetre sin orden og si åtferd.

§ 3-13. Halvårsvurdering i orden og i åtferd

Halvårsvurdering i orden og i åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Den skal vise korleis elevane sin orden og åtferd er vurdert opp mot ordensreglementet og gi rettleiing om korleis elevane eventuelt kan forbetre seg. Elevane skal få halvårsvurdering utan karakter i orden og i åtferd gjennom heile opplæringsløpet.

Frå 8. årstrinn skal elevar i tillegg ha halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurdering med karakter skal vere skriftleg. Vurderinga skal givast midt i opplæringsperioden, og ved slutten av opplæringsåret dersom eleven ikkje avsluttar opplæringa i skole.

Kontaktlæraren skal gi halvårsvurdering i orden og i åtferd i samarbeid med dei andre lærarane til eleven.

§ 3-16. Standpunktkarakterar i orden og i åtferd

Ein standpunktkarakter skal vere uttrykk for elevane sin orden eller åtferd etter opplæringa er avslutta. Det skal givast ein standpunktkarakter i orden og ein standpunktkarakter i åtferd på 10. trinn, og ved avslutninga av opplæringa i vidaregåande skole.

Rektor har ansvaret for at standpunktkarakterar i orden og i åtferd blir fastsette etter drøfting med kontaktlærar og dei andre lærarane til eleven.

Del 2: Ordensreglement ved Bremnes Ungdomsskule

Sanksjonar/konsekvensar ved brot på skulen sine orden og åtferdsreglar

§ 9 A-11. Bortvising

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar. Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak.

Andre sanksjonar

- inndraging av gjenstandar
- merknad
- samtale med kontaktlærar og/eller leiing
- telefon heim

Viser til forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Bømlo §6

Brot på kriteria for orden og åtferd vert skrivne ned som dokumentasjon (merknad). Manglande vilje til å betra orden og åtferd etter varsel er sendt, fører til nedsett orden og/eller åtferd.

Reglar for bruk av pc ved BUS

Alle elevar har eigen pc der dei har skrive under på avtale som regulerer bruk.

Reglar for bruk av mobiltelefon ved BUS

1. Ved Bremnes Ungdomsskule har elevane lov å ha med seg mobiltelefon. Lærar låser inn mobiltelefon når elevane kjem om morgonen og mobiltelefon vert låst ut når dei skal gå heim.
2. Mobiltelefonen skal ikkje nyttast i timane til privat bruk som meldingar, Facebook, og andre sosiale medium. Mobiltelefonen skal i utgangspunktet liggja i mobilhotell i klasserommet.
3. I timane er det lærar som bestemmer om og når det er aktuelt å nytta mobiltelefonen som ein del av undervisninga.
4. Konsekvensen av brot på desse reglane er omtalt i skulen sitt ordensreglement

I SU-møte 7.mars -24 vart denne endringa godkjent:

I nasjonal presisering frå udir vert mobiltelefon og smartklokker likestilt. Det betyr at skulen kan be elevar om å levere smartklokker i mobilhotell på lik line med mobiltelefon.

Vurderingskriterium i orden og åtferd for Bremnes Ungdomsskule

Vurderingskriterium i orden for Bremnes Ungdomsskule

| Mål | Godt (vanleg orden) | Nokså godt (klare avvik frå vanleg orden) | Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden) |
|---|---|---|---|
| Møta førebudd og presis til timane | Er på plass når timen startar | Er ofte ikkje på plass når timen startar | Er svært sjeldan på plass når timen startar |
| | Er førebudd | Er i liten grad førebudd | Er svært sjeldan førebudd |
| | | Har udokumentert frávær/skulk | Har ofte udokumentert frávær/skulk |
| Visa gode arbeidsvanar og god arbeidsinnsats | Har bøker og utstyr klar til bruk når arbeidsøkta startar | Må ofte få beskjed om å ta fram bøker og utstyr når arbeidsøkta startar | Har konsekvent ikkje bøker og utstyr klart når arbeidsøkta startar |
| | Arbeider konsentrert og godt | Brukar lang tid på å koma i gong med arbeidet og får ofte lite gjort | Gjer lite eller ingenting med skulearbeidet |
| | Ryddar og avsluttar til rett tid | Ryddar sjeldan og avsluttar ofte før timen er slutt | Ryddar svært sjeldan og avsluttar før timen er slutt |
| | Held innleveringsfristar. Lærar kan setje individuelle innleveringsfristar | Held berre av og til innleveringsfristane | Leverer sjeldan/ikkje oppgaver eller held tidsfristar |

Vurderingskriterium i åtferd for Bremnes Ungdomsskule

| Mål | Godt (vanleg åtferd) | Nokså godt (klare avvik frå vanleg åtferd) | Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg åtferd) |
|---|---|---|--|
| Visa omsyn og respekt for andre på skulen og på skulevegen | Er høfleg med andre | Bannar og bruker grovt språk | |
| | Viser vilje og evne til samarbeid og konflikt-løysing | Kjem av og til i krangel og konflikt med andre og viser liten vilje til samarbeid og konflikt-løysing | Kjem fort og ofte i krangel og konflikt med andre og viser liten vilje til samarbeid og konflikt-løysing |
| | Grip inn eller gir melding til ein vaksen dersom ein ser at nokon blir mobba/plaga eller utestengt, så sant ein kan | Har vist/uttalt/publisert krenkande eller rasistiske/ diskriminerande ord/handlingar | Har fleire gongar vist/uttalt/publisert krenkande eller rasistiske/ diskriminerande ord/handlingar |
| | Held skulen sine mobil- og reglar for bruk av pc | Held ikkje alltid skulen sine mobil- og reglar for bruk av pc | Bryt ofte skulen sine mobil- og reglar for bruk av pc |
| | Tek omsyn til andre og passar på seg sjølv på nettet | Har teke og publisert bilete/film av andre utan samtykke | Har teke og publisert krenkande bilete/film av andre utan samtykke |
| | | Har hatt med farlege gjenstandar på skulen Har fleire gongar kasta gjenstandar som kan skada andre | Har truga med å bruka farlege gjenstandar mot andre Har utført fysisk vold mot andre |
| | Føl reglane for skuleskyss | Bråkar på bussen og uroar sjåføren | Bråkar ofte på bussen, gjer hærverk og uroar sjåføren |
| Visa respekt for undervisninga | Held arbeidsro og uroar ikkje undervisninga | Bryt ofte arbeidsro og uroar undervisninga, snakkar både når lærar underviser og når elevar arbeider | Rettar seg ikkje etter tilsnakk frå lærar, øydelegg undervisninga og andre sin arbeidsro |
| | Er førebudd og gjer sitt beste på prøvar og/eller innleveringar | Har fuska eller prøvd å fuska på prøve(ar) og/eller innleveringar | Har fuska fleire gonger på prøvar og/eller innleveringar |
| | Tek vare på utstyr, interiør, skulebygget og uteområdet | Er uforsiktig med bøker, utstyr, interiør, skulebygget eller uteområdet | Har øydelagt bøker, utstyr, interiør eller deler av skulebygget med hensikt |
| Visa vilje til å skapa trivsel og eit godt læringsmiljø | Held seg på skulen sitt område | Har vore utanfor skuleområdet i skuletida | Har fleire gonger vore utanfor skuleområdet i skuletida |
| | Har ikkje med energidrikk, brus og snop på skulen | Har med brus, energidrikk og snop på skulen utan løyve av lærar | Har gjentekne gongar med brus, energidrikk og snop på skulen utan løyve av lærar |

| Mål | Godt (vanleg åtferd) | Nokså godt (klare avvik frå vanleg åtferd) | Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg åtferd) |
|--------------------------------|---|---|---|
| Skulen skal vera rusfri | Før reglane for nulltoleranse mot bruk av rus | Har røykt/snust/brukt e-sigarettar på skulen eller på tilstellingar som blir definert som skuletid | Røykjer/snuser/brukt e-sigarettar ofte på skulen sitt område. |
| | | Dersom skulen vert gjort kjend med at ein elev har nytta rus, vert saka følgt opp for å avklare om det er brot. | Har ein gong brukt alkohol på skulen eller på tilstellingar som blir definert som skuletid. |
| | | Heimen vert kontakta | Har ein gong brukt/oppbevart/selt narkotika på skulen eller på tilstellingar som blir definert som skuletid |

Til alle punkt: Manglande vilje til å rette seg etter gjentekne pålegg kan føre tilføre til nedsett karakter i orden og i åtferd.

Praksis for dokumentasjon: Der det er fare for nedsett karakter i orden og eller åtferd skal det fyllast ut skjema på gjennomført undervegsvurdering. Skjema skal skrivast under og oppbevarast i eleven si mappe.

Dokumentasjon på gjennomført undervegs- vurdering i orden og åtferd

Elevsamtale

Dato:

Underskrift elev:

Underskrift kontaktlærer:

Elev / foreldresamtale

Dato:

Underskrift føresette:

Underskrift kontaktlærer:

Status og framovermelding

| |
|--|
| |
|--|

Varsel om nedsett halvårs- eller standpunktkarakter

Namn eleven _____ Klasse: _____ v/føresette Dato: _____

§ 3-7. Varsling

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.

Varsalet skal givast utan ugrunna opphald. Varsalet skal gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd.

Dette brevet er eit varsel om fare for nedsett karakter i halvårs- eller standpunktkarakteren i orden/åtferd.

- Halvårsvurdering
 Standpunktkarakter
 Orden Åtferd

Grunngjeving orden

Grunngjeving åtferd

Dersom de har spørsmål om dette, ber me om at de tek kontakt med kontaktlærer.

Stad/dato: _____ Kontaktlærer: _____

Varsalet skal kvitterast for og sendast tilbake til skulen innan fire dagar.

Stad/dato: _____ Føresette: _____